



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.  
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 07.12.2020  
Vår ref: 19/03456-19  
Deres ref:

**POST- OG BESØKSADRESSE**  
Ladebekken 50  
7066 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00

**E-POST** post@dirmin.no

**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883

**SWIFT** DNBNOKK

**IBAN** NO5376940505883

**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**

**TELEFON** +47 79 02 12 92

## **Tildeling av driftskonsesjon etter minerallova for Tordalen masseuttak i Vindafjord kommune. Tiltakshavar: Ståle Jordal (enkeltpersonforetak).**

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til søknad om driftskonsesjon datert 14. oktober 2019.

### **1. Tildeling av driftskonsesjon**

DMF tildeler Ståle Jordal (enkeltpersonforetak) med org. nr. 969 582 694, heretter kalla «Tiltakshavar» eller «Tiltakshavaren», driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavar får driftskonsesjon for uttak av fast fjell i Tordalen masseuttak på eigedomen gbnr. 319/5 i Vindafjord kommune. Mineralførekomensten hører til kategorien mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 37 daa og går fram av kart med tittelen «Konsesjonsområde Tordalen i Vindafjord kommune», produsert ved DMF 24. september 2020, se vedlegg 5. Området er i detaljregulering for Tordalen masseuttak, vedteken 28. mai 2019, regulert til masseuttak.

Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving. Tiltakshavaren er ansvarleg for å innhente andre nødvendige løyve.

### **2. Vilkår for driftskonsesjonen**

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:

#### **2.1. Driftsplan**

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.



Merknadar til driftsplanen som ligg ved skal rettast før oppstart av drift.

## **2.2. Økonomisk sikkerheit**

Tiltakshavaren blir pålagd å stille økonomisk sikkerheit med NOK 600 000, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheita skal stillast i form av ein bankgaranti for eit grunnbeløp på NOK 300 000, og deretter årlege avsetjingar til ein bankkonto som det skal etablerast pant i til fordel for DMF slik at Tiltakshavaren ikkje kan ráde over kontoen på noko vis, begge deler som skildra i punkt 5.11.

Før drifta startar skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF, vedlegg 3;
- (ii) lagt fram påkravsgaranti frå bank som DMF vurderer som tilfredsstillande, vedlegg 2;
- (iii) etablert pantet til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6, vedlegg 1.

## **2.3. Bergteknisk ansvarleg**

Det skal utan grunnlaust opphold sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

## **2.4. Andre vilkår**

Før drifta startar, skal den regulerte føremålgrensa for massetaket settes ut eller markerast i terrenget på ein slik måte at den er lett synleg gjennom heile driftsperioden.

## **3. Godkjenning av driftsplan**

DMF godkjenner driftsplanen for Tordalen masseuttak med mindre merknadar. Sjå DMF si vurdering punkt 5.4. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket.

## **4. Høyringsfråsegner med kommentarar frå DMF**

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring, jf. forvaltningslova § 17, hos desse høyringsinstansane: Vindafjord kommune, Rogaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Rogaland, Norges vassdrags- og energidirektorat, Mattilsynet, Statnett SF og andre høyringsinstansar slik det går fram av adresselista til høyringsbrevet og adresselista til dette vedtaksbrevet.

Høyringsperioden var frå 29. september 2020 til 10. november 2020.

Frå høyringsfråsegnene har DMF særleg merkt seg dette:

### Vindafjord kommune:

Kommunen har i sin utsegn vist til detaljregulering vedtatt 28. mai 2019 og dei



føresegnene som ble stilt i samband med planforslaget. Kommunen har særleg vist til punkt:

«*3.1.8 Lausmassar/avdekkingsmassar skal lagrast i deponi for seinare istandsetting og eventuell revegetering av masseuttaket. Massane skal lagrast slik at avrenning ikkje fører til forureining.*

*3.1.10 Einskilde tre av ask innanfor området skal stå dersom det ikkje er naudsynt ut i frå drifta av masseuttaket å fjerna treet.*

*3.1.11 Arbeid skal utførast med varsemd for å hindre forureining og skade på miljø.*

*3.1.14 Verksemda skal sørge for å gjennomføre dei tiltak som er naudsynte for å redusere støvutslepp frå all støvande aktivitet som knusing, sikting, transport og lagring, jf. forureiningsforskrifta §30-5. Nedfallsstøv skal ikkje overstige 5 g/m<sup>2</sup> i løpet av 30 dagar, målt ved nærmeste nabo, eller anna nabo som eventuelt er mest utsett.*

*3.1.15 Tiltaket sitt bidrag til støy ved tilstøytane bustadar skal til ei kvar tid ikkje overstige grenseverdiane gitt i tabell 3 i Klima- og miljøverndepartementet si retningslinje T1442/2016. Viser elles til forureiningsforskrifta §§ 30-4 og 30-7. Støy frå sprenging er unntatt frå krav i forureiningsforskrifta, jf. § 30-7.*

*3.1.16 Utslepp til vassdrag skal ikkje påverke vasskvaliteten slik at tilstandsklassen for resipienten endrast. Forureiningsforskrifta § 30-6 som omhandlar utslepp til vatn gjeld.*

*Dersom aktiviteten i masseuttaket gjer skade på eller forureinar drikkevasskjelde på eigedom 319/9 er tiltakshavar for masseuttaket ansvarleg og skal rette opp i skaden.»*

Kommunen opplyser om at dei ikkje har motteken søknad om tiltak etter plan- og bygningsloven § 20-1 frå tiltakshavar, og kommunen er heller ikkje kjent med at vegeigar (Rogaland fylkeskommune) har godkjent teknisk plan for avkøying.

**DMF sine kommentarar:**

*DMF tar utsegna til etterretning og vi minner Tiltakshavar om at gjeldande og eventuelle framtidige reguleringsplanar skal følges. Reguleringsbestemmelsene utgjør en del av Tiltakshavars tillatelser for å kunne drive mineralverksemد i området. Vi legg derfor til grunn at Tiltakshavar er kjend med dei føringar som går fram av reguleringsplanens føresegner, og retter seg etter dei krav som går fram av disse.*

*Vi gjer også Tiltakshavar merksam på opplysningane frå kommunen angåande manglande søknad om tiltak etter plan- og bygningsloven § 20-1, og manglande kjennskap til godkjent teknisk plan for avkøying.*

**Noregs vassdrags- og energidirektorat(NVE):**

NVE har uttala følgande kva angår skredfare:

«*Plan- og bygningsloven (tbl.) og byggteknisk forskrift (TEK17) setter tydelege krav til tryggleik mot naturfare og sikrer byggegrunn ved planlegging og utbygging. Eit masseuttak er et tiltak etter tbl. og vi forutset at tryggleiken blir ivaretaken for dei som skal jobba på anlegget i tråd med regelverket.»*



Vidare uttale dei seg om overvatn og grunnvatn:

«*På grunn av klimaendringar er det forventa meir intens nedbør i Rogaland. Dette vil føre til meir overvatn og moglege utfordringar med handsaming av overvatnet. Overvatn bør difor omtala last i driftskonsesjonen. Vi viser og til vassressurslova §7 om at utbygging og annan grunnutnytting fortrinnsvis bør skje slik at nedbøren framleis kan infiltrere i grunnen.*»

NVE viser også til reguleringsplanen i føresegne punkt 3.1.16 om at «*utslepp til vassdrag skal ikkje påverke vasskvaliteten slik at tilstandsklassen for recipienten endrast. Forureiningsforskrifta § 30-6 som omhandlar utslepp til vatn gjeld. Dersom aktiviteten i masseuttaket gjer skade på eller forureinar drikkevasskjelde på eigedom 319/9 er tiltakshavar for masseuttaket ansvarleg og skal rette opp i skaden.*»

DMF sine kommentarar:

*DMF gjer tiltakshavar oppmerksam på NVE sitt høyringssinnspel knyttet til skred- og flaumfare og krav i forbindelse med dette. DMF viser, i likhet med NVE, til byggteknisk forskrift (TEK 17) sine generelle trygghetskrav mot naturpåkjenningar. Vidare visar vi til forskriften §§ 7-2 og 7-3 om sikkerheit mot flom, stormflo og skred. Kommunen er planmyndigheit og NVE er fagorgan kva angår dette. DMF legg til grunn at tiltakshavar etterlever den byggtekniske forskrifta, og oppfordrar tiltakshavar til å ha dialog med kommunen og NVE for å hensikta eventuelle farar i området.*

*DMF har merket seg opplysninga frå NVE angåande forventa meir nedbør i Rogaland og ber derfor tiltakshavar om å ta inn tiltak i driftsplanen for handsaming av overvatn, sjá nærmare punkt 5.4 om driftsplan.*

*Som Vindafjord kommune har NVE påpekt viktigheita av at uttaket ikkje skal påverke vasskvaliteten. DMF gjer tiltakshavar oppmerksam på dette og minner om forureiningsforskrifta kapittel 30.*

Fylkesmannen i Rogaland:

Fylkesmannen har i si utsegn om naturverninteresser vist til at det er registrert ask innafor planområdet. Det opplysast om at ask er registrert som sårbar i Norsk raudliste. Det bes derfor om at det bør innarbeidast føresegne om at ein skilde tre av ask skal stå att dersom det ikkje er naudsynt ut i frå uttak av masse å fjerna treet.

Det går vidare fram av fråsegna at Fylkesmannen ikkje er kjent med tilhøve som er til hinder for konsesjon. Avslutningsvis vises det til at den ansvarlege skal sende melding til Fylkesmannen dersom masseuttaket omfattar knuse- og/eller sikteverk, jf. forureiningsforskrifta § 30-11.

DMF sine kommentarar:

*DMF har merket seg Fylkesmannens kommentarar om vern om ein skilde tre av ask, og gjer tiltakshavar oppmerksam på dette. Det vises til punkt 3.1.10 i reguleringsplanen som omhandlar behandlinga av ask.*

Rogaland fylkeskommune:

Fylkeskommunen har vurdert søknaden og stadfester at de har ingen merknader til omsøkt driftskonsesjon. Det uttales at det ikkje er registrert kulturminner innanfor området.



#### DMF sine kommentarar:

DMF har merket seg at fylkeskommunen ikkje har nokon merknadar til søknaden.

### **5. Korleis DMF vurderer søknaden om driftskonsesjon**

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekomstar på meir enn 10 000 m<sup>3</sup> masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønnsmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevast driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkjaren er "skikka" til å utvinne førekomsten. Dette inneber at ein skal leggje vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det òg leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevast konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:

#### **5.1 Utvinningsrett**

Mineralførekomsten som skal utvinnast tilhører kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavaren er sjølv grunneigar for konsesjonsområdet. Etter grunnboka er Tiltakshavaren heimelshavar til eigedomen der konsesjonsområdet ligg. Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren utvinningsrett til førekomsten.

#### **5.2 Arealstatus for tiltaket**

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 37 daa og går fram av kart med tittelen «Konsesjonsområdet Tordalen i Vindafjord kommune, produsert ved DMF 24. september 2020. Området er i detaljregulering for Tordalen masseuttak, vedteken 28. mai 2019, regulert til masseuttak.

#### **5.3. Økonomien i prosjektet**

DMF har vurdert den vedlagde informasjonen om økonomien i prosjektet. Etter DMF si vurdering er prosjektet økonomisk gjennomførbart.

#### **5.4 Driftsplan**

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.



I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av steinbrotet. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer den planlagde brytinga av førekomsten innanfor arealet på 37 daa dekar som søknaden gjeld. Det totale volumet fast fjell som skal takast ut er estimert til 581 000 m<sup>3</sup>. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det planlagde uttaket per år er 10 000 faste m<sup>3</sup>. Det er planlagt palldrift i to etappar. Det blir òg presentert ein plan for sikring og avslutting, kor sør- og vestveggen avsluttast med palltrinn, og nordveggen avsluttast med ei skråning. Planen er å føre brotområdet tilbake til LNF-område.

Med einskilde merknadar tilfredsstiller framlegget til driftsplan dei krava som DMF stiller. DMF sin merknad gjeld handsaming av overvatn:

NVE skriv i sitt høyringsfråsregn at på grunn av klimaendringar er det forventa meir intens nedbør i Rogaland. Dette vil føre til meir overvatn og moglege utfordringar med handsaming av overvatnet. Overvatn bør difor omtalast i driftskonsesjonen. NVE viser og til vassressurslova §7 om at utbygging og annan grunnutnytting fortrinnsvis bør skje slik at nedbøren framleis kan infiltrere i grunnen.

DMF ber tiltakshavar om å ta inn i driftsplanen tiltak for handsaming av overvatn.

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Tordalen masseuttak godkjennast på det vilkåret at merknaden blir retta før oppstart av drift.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjoner eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjere endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehånd.

Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

### **5.5 Bergfagleg forsvarleg drift**

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemد.

Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

### **5.6 Kva kompetanse søkeren har til å drive førekomsten**

I vurderinga av om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkeren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.



Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden gjeve opp Ståle Jordal som bergteknisk ansvarleg for uttaket. Personen er registrert hos DMF som bergteknisk ansvarleg for uttaket og oppfyller kvalifikasjonskrava i forskrifa.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten.

### **5.7 Miljøkonsekvensar av utvinninga**

I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne. Det finst ein reguleringsplan med konsekvensutredning for uttaket vedtatt 28. mai 2019.

Planskildringa i reguleringsplanen gjer greie for miljøverdiar i området og korleis uttaket vil påverke miljøet.

#### *Biologisk mangfald – vurdering etter naturmangfaldlova*

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjerder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Reguleringsplanen, høyringsfråsegner og eigne søker i Naturbase og Artskart (gjennomført februar 2020) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden. DMF reknar kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 for å vere tilstrekkeleg til at det kan fattast vedtak i saka. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 gjeld såleis ikkje.

Både Vindafjord kommune og Fylkesmannen i Rogaland har i si høyringsfråsegn gitt uttale om naturverninteressen knytt til ask. DMF merker seg at Fylkesmannen ber om at det bør innarbeidast føresegns om at einskilde tre av ask skal stå att dersom det ikkje er naudsynt ut ifrå uttak av masse å fjerna treet. I den forbindelse visar DMF til reguleringsplanen punkt 3.1.10.

Etter DMF si vurdering vil slikt uttak av massar som det er søkt om ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem som er fastsett i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

Etter naturmangfaldlova § 10 skal den samla belastinga på økosystem og naturmangfaldet i regionen vurderast. DMF kan ikkje sjå at det har kome fram merknadar om at uttaket vil føre til ei slik økt belastning. Vi legg derfor til grunn at det ikkje er nødvendig å foreta ytterligare vurderinger etter naturmangfaldlova § 10.

DMF har kome til at det ikkje finst avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

### **5.8 Forholdet til omgivnadene og nærliggjande område under drift**

Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr.



Tiltakshavar opplyser at det i reguleringsplanen er sett krav til bom ved innkøyringa til verksområdet. Vegen fører vidare forbi uttaket i aust og skal førast inn i uttaket frå oppsida i sørvest ved etappe 2. Vegen er ein landbruksveg, og vil ha gjerde dei fyrste metrane der denne passerer uttaket. Her vil ein også kunne sjå inn i uttaket frå nedre nivå, og dermed bli obs aktiviteten og terrengeformasjonane som er her. Det går ein sti frå Gangstøvegen, 600m sør for uttaksområde, og som fører mot landbruksvegen der denne skrår inn mot uttaket i sørvest. Her ligg terrenget som ein dal slik at reell tilkomst er mogeleg. Mogeleg tiltak for å løyse dette er å føre opp ein bom/ gjerde der landbruksvegen går inn i brotet frå oppsida. Det vil bli sett opp varslingsskilt fleire stadar. Bom, sikringsgjerde og varslingsskilt er nå betre synleggjort i kartvedlegga. Det vil vere vanskeleg med gjerde i store delar av området, og det er nå difor lagt opp til ei øvre pallhøgd på 3 meter, som vil varsle om at ein kjem til eit område med aktivitet. Etter kvart som pallhøgdene kjem fram skal det etablerast vekstlag på hyllene for tilbakeføring av området til LNF-område. For å etablere vekstlaget skal dei avdekta lausmassane førast tilbake, eventuelt saman med finmassar frå produksjonen. Lausmassane kan midlertidig nyttast til å lage skjermingsvoll aust for uttaksgrensene slik reguleringsplanen opnar for. Reinsk vil bli utført fortløpende og massar vert tilbakelagt etter kvart som ein går inn i bruddet. Etter kvart som etappane vert avslutta skal brotveggen avsluttast med stabil vegginkel på 50 grader og med tilstrekkeleg breidde på sikringshyller som fangar opp ev. nedfall (10m).

DMF har kome til at dette ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

#### **5.9 Kva tiltaket får å seie for verdiskaping og næringsutvikling**

Førekomsten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga sand, grus, pukk og leire (byggjeråstoff). Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av og som blir brukte i bygg, vegar og anlegg.

Ifølgje tiltakshavar har det blitt drive masseuttak i området tidlegare, og det er med det gjort ei førebels vurdering av at massane er eigna til føremålet. Det vart i 2013 analysert bergprøvar frå området som er av bergarten gneisgranitt. Granitt er ein kompakt steintype som er godt eigna som byggemateriale. Samfunnet er avhengig av kontinuerleg tilgang på grus- og pukkressursar. Med ein langsiktig og føreseieleg utnytting av massetaket vil ein kunne drifte dette på ein effektiv måte, samtidig som ein kan tilpasse uttaket til etterspurnaden i dei nærmaste bygdene. Dette vil medføre at denne delen av kommunen får dekka ein del av sitt behov for stein og grus i lang tid framover.

#### **5.10 Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området**

Tiltakshavar opplyser at området for masseuttak skal tilbakeførast til LNF-føremål når uttaket er avslutta. Brotkanten vert terrassert med pallar på ca. 12x10 meter i sør og vest, samt med skråning med helning på 1:1.5 mot nord. Både planert areal, pallhyller og skråningar skal settast i stand med etablering av vekstlag. Dei lagra massane skal leggjast tilbake med same lagdeling og djupne som dei opphaveleg låg, og som legg til rette for revegetasjon av dei stadlege vekstmassane. Det kan tilførast/innblandast finmassar frå produksjonen (skrotmassar) i dette arbeidet.

Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.



## 5.11 Økonomisk sikkerheit

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelege krava til sikkerheit.

Tiltakshavar foreslår å sette av NOK 300 000 i økonomisk sikkerhetsstillelse.

### 5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere

Etter DMF sin vurdering er Tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheita skal vere ikkje tilfredsstillande. Etter forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd skal den økonomiske sikkerheita vere tilstrekkeleg til å dekkje Tiltakshavaren si sikrings- og oppryddingsplikt.

Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at Tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 600 000 for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på sine eigne erfaringstal for tilsvarande uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader.

### 5.11.2. Form for sikkerheit

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.

Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved bankgaranti og individuell fondsavsetjing til ein bankkonto som det etter ein eigen avtale om finansiell sikkerheit skal etablerast pant i til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6. Tiltakshavaren skal ikkje ha råderett over denne bankkontoen, som skal vere sperra til fordel for DMF.

#### *Bankgaranti – oppstartsfasen*

DMF vurderer det som naudsynt at Tiltakshavaren, før drifta startar, stiller ein bankgaranti som DMF vurderer som tilfredsstillande som påkravsgaranti for eit beløp på NOK 300 000. Dette er naudsynt for å ha tilstrekkeleg sikkerheit i oppstartfasen før fondet har nådd maksimal avsetjing. Storleiken på bankgarantien er fastsett på grunnlag av ei vurdering av kva som blir rekna for å vere tilstrekkeleg sikkerheit i denne fasen.

DMF kan fremje krav i høve til bankgarantien i desse tilfella:

- (i) Etter utløpet av Tiltakshavaren sin frist for å utføre naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak som DMF godtek;
- (ii) Ved konkurs, opphør eller anna avvikling av Tiltakshavaren si verksemnd; og
- (iii) Dersom konsesjonen blir trekt attende.

Ved melding til garantisten om at eitt av tilfella nemnde i punkt (i)–(iii) over har



oppstått, skal DMF ha rett til å få utbetalt det kravet som blir gjort gjeldande etter bankgarantien, utan omsyn til motsegner frå Tiltakshavaren. Bankgarantien skal stå ved lag så lenge beløpet som står på bankkontoen ikkje har nådd NOK 300 000. Når beløpet på bankkontoen har nådd NOK 300 000, eller tidlegare etter skriftleg samtykkje frå DMF, fell plikta til bankgaranti bort.

#### *Individuell avsetjing, avsetjingsperiode og storleiken på avsetjinga*

Deretter skal Tiltakshavaren setje inn midlar på bankkontoen årleg fram til totalbeløpet på NOK 600 000 er nådd. Dei årlege innskota blir rekna ut etterskotsvis på grunnlag av masseuttaket året før. Det skal betalast inn NOK 1,11 årleg per tonn utteken masse.

Ved fastsetjinga av satsen per tonn utteken masse har DMF lagt til grunn at fondet skal byggjast opp over ein periode på 20 år, det vil seie NOK 30 000 per år. I søknaden er det rekna med eit uttak på 10 000 m<sup>3</sup>/år, tilsvarande om lag 27 000 tonn/år, noko som gjev ei årleg avsetjing på NOK 1,11 per tonn.

Innbetalinga for masseuttaket må vere avsett innan 1. februar året etter.

#### **5.11.3. Rapportering og dokumentasjon**

Beløpet som står på kontoen skal dokumenterast årleg ved å gje DMF tilgjenge til ei oppdatert kontoutskrift. All avkasting på midlane skal godskrivast kontoen.

I tillegg finn DMF det naudsynt at Tiltakshavaren undervegs i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i driftsplanen, skal DMF informerast umiddelbart. Elles skal tiltakshavaren kvart femte år gjere ei ny vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er gjord, skal tiltakshavaren utarbeide ein rapport og sende den til DMF utan grunnlauost opphald.

DMF kan òg ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skildra over, og finn det difor naudsynt å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.

#### **5.11.4. Justering av sikkerheita**

Etter forskrift til minerallova § 2-2 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan òg gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

### **6. Kor lengre driftskonsesjonen gjeld**

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.

Driftskonsesjonen fell bort dersom drift ikkje er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell òg bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekomst av grunneigars mineral går ut



- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a

Driftskonsesjonen kan ikkje overdragast. Det gjeld òg ved overdraging av utvinningsretten.

## 7. Plikter for tiltakshavaren

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

### Meldeplikt ved oppstart og stans av drift

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal tiltakshavaren sende melding til DMF.

Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

### Drifta skal utførast med varsemd

Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødig forureining eller skade på miljøet.

### Forsvarleg sikring og opprydding

Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.

Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg. Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

### Ansvaret til bergteknisk ansvarleg

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakarar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekomensten blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

## 8. Rett til å klage

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar.

Etter forvaltingslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumenta.



For nærmere informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Unni Garberg  
seksjonssjef

Siri Elise Aakenes  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.  
Sakshandsamar: Siri Elise Aakenes*

## Vedlegg:

## Vedlegg 1\_pantsettelseserklæring

## Vedlegg 2 påkravsgaranti

### Vedlegg 3 avtale om finansiell sikkerhetsstillelse

Vedlegg 4 godkient driftsplan

#### Vedlegg 5 godkient konsesjonsområdet

## Vedlegg 6 naboholiste

Mottakrarar:

Ståle Jordal Vikevegen 1591 5568 VIKEBYGD

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune Postboks 130 Sentrum 4001 STAVANGER

Fylkesmannen i Rogaland Postboks 59, Sentrum 4001 STAVANGER

Vindafjord kommune Rådhusplassen 1 5580 ØLEN

Norges vassdrags- og Naustdalsvegen 1B 6800 FØRDE

energidirektorat Region vest

Mattilsynet Postboks 383 2381 BRUMUNDAL

Statnett SF Postboks 4904 Nydalen 0423 OSLO

Stattstatt 3 Postfach 1501, D-7420 Tübingen 0707 5525